



Sund Sokneblad

Nr. 4

2. september 2020

Årg. 89



Ranselbøn

Nokre av 1.klassingane i Sund sokn på veg inn i Kausland kyrkje der presten las ei ranselbøn for alle som skulle byrja i 1. klasse.

side 4-5

Konfirmasjonar

No i byrjinga av september er det endeleg klart for 5 konfirmasjonsgudstenester, 2 i Sund og 3 i Kausland. Fordeling av konfirmantane på dei 5 gudstenestene og litt om koronarrestriksonane finn du

side 3

Diakonitur

19 deltakarar frå Øygarden kommune har vore på ein 5-dagars tur til Institutt for sjelesorg på Modum bad.

side 6

Smittevern

I ei tid der koronaen ikkje er borte og det framleis er visse reglar vi må følgja, er det store spørsmålet for mange: Kor mange kan samlast til selskap for konfirmantane? Smittevernlege i Øygarden kommune, Jens Eikås, fortel litt om dette

side 7

Soknerådsleiaren

I denne utgåva av Sund Sokneblad har vi med ei helsing frå leiaren i Sund Sokneråd, Svein Marius Myklebust.

side 7

Kyrkjestudier

Denne våren har mange søkt på studiar innanfor teologi, kyrkjemusikk, diakoni og kyrkjeleg undervisning.

baksida

Pastoralt perspektiv

BISKOPEN KJEM!

Det er ikkje så ofte vi har biskopen på besøk, men 3. november skjer det! Då kjem biskopen i Bjørgvin, Halvor Nordhaug, på visitas til Sund sokn.

Gjennom 1 veke skal han få møta flest mogleg av tilsette og frivillege, samt ha drøftingar med soknerådet om arbeidet i kyrkjelyden. Dessutan er det vanleg at biskopen møter skuleelevar til skulegudsteneste og har samtale med kommuneleiinga. Vi tenkjer også at det er viktig at biskopen får delta på nokre av våre vanlege arrangement i kyrkjelyden, som t.d. Myldredag. Og går alt etter planen vil biskopen også få vera med på kulturkveld, der nokre av våre gode, lokale aktørar presenterer noko av den kystkulturen som vi er så stolte av her i Sund. Som avslutning på visitasen blir det gudsteneste søndag 8. november, med påfølgjande visitasføredrag, der biskopen oppsummerer og gir oss tilbakemeldingar på kva vi bør endra på eller jobba meir med i kyrkjelyden vår. Og truleg finn han også noko han vil rosa oss for...

Biskopen har såkalla *tilsynsansvar* for kyrkjelydane i Bjørgvin. Det betyr **først og fremst** at biskopen skal rettleia og inspirera oss. Dermed har vi store forventningar til haustens bispevisitas! Vi treng både ros og ris og trur at biskop Halvor er kapabel til å gje oss begge delar på ein god og konstruktiv måte. Biskopen vår er ein hyggjeleg kar som samtalar godt med både små og store, og det skal han få høve til gjennom visitas-veka her i Sund.

Fullstendig program kjem i neste sokneblad, men allereie no kan vi presentere litt av det:

- Skulegudstenester i Sund og Kausland kyrkje
- Spørjetime på Sund ungdomsskule
- Besøk på Nordsjøfartsmuseet
- Møte med kommuneleiinga
- Besøk på Sundheimen
- Kulturkveld med kyrkjekaffi og høve til samtale med biskopen
- Myldredag for heile familien
- Drøftingsmøte med sokneråd og tilsette
- Visitasgudsteneste med visitasføredrag

Kjære kyrkjelyd!

Be gjerne for visitasen og biskopen vår!

Kjell-Asle Børnes

Velkommen til gudsteneste

06. september – Vingardssundag – Matt 20,1-16

SUND kyrkje kl 11:00 *Konfirmasjonsgudsteneste* v/Dag R. Pettersen og Kjell-Asle Børnes

Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

Song: *Vivian Steinsland m/Band*

SUND kyrkje kl 13:00 *Konfirmasjonsgudsteneste* v/Dag R. Pettersen og Kjell-Asle Børnes

Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

Song: *Vivian Steinsland m/Band*

12. september – Laurdag – Fil 1,9-11

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 *Konfirmasjonsgudsteneste* v/Dag R. Pettersen og Kjell-Asle Børnes

Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

Song: *Vivian Steinsland m/Band*

KAUSLAND kyrkje kl 13:00 *Konfirmasjonsgudsteneste* v/Dag R. Pettersen og Kjell-Asle Børnes

Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

Song: *Vivian Steinsland m/Band*

13. september – 15. søndag i treeiningstida – Fil 1,9-11

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 *Konfirmasjonsgudsteneste* v/Dag R. Pettersen og Kjell-Asle Børnes

Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

Song: *Vivian Steinsland m/Band*

20. september – 16. søndag i treeiningstida – Mark 7,31-37

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Michal Møgster.

Dåp og Nattverd

Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

SØNDAGSKULE!

27. september – 17. s. i treeiningstida – Joh 11,17-29.30-46

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste *med konfirmantpresentasjon* v/Kjell-Asle Børnes og Dag R. Pettersen. Dåp

Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

04. oktober – 18. søndag i treeiningstida – Matt 8,14-17

SUND kyrkje kl 11:00 *Familiegudsteneste med hausttakkefest* v/Kjell-Asle Børnes. Dåp

Takkoffer: Kirkens Bymisjon

11. oktober – 19. søndag i treeiningstida – Matt 5,20-26

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Michal Møgster

Dåp og Nattverd

Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

18. oktober - 20. søndag i treeiningstida – Joh 11,1-5

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste *med konfirmantpresentasjon* v/Kjell-Asle Børnes og Dag R. Pettersen. Dåp

Takkoffer: TV-aksjonen

SØNDAGSKULE!

25. oktober – Bots- og bønedaag – Luk 13,22-30

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 *Familiegudsteneste* v/Kjell-Asle Børnes. Dåp

Biblar til 5.klassingane

Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

- Når det står 'Dåp' betyr det at det er høve til å ha dåp
- Det er som oftast kyrkjekaffi, men ikkje alltid dersom lokala er utleigde
- Endringar i lista kan skje. Sjå gudstenestekunngjering i fredagsavisa av Vestnytt

Kyrkjeskys - Indre Sund

Kontaktperson: Arne Dävøy - tlf. 936 10 773

Konfirmasjonsgudstenester og smittevern

Dei to første helgene i september skal vi ha konfirmasjonsgudstenester i kyrkje- ne i Sund. Desse vil framleis bera preg av fest og høgtid, men på grunn av smit- terisiko for korona, vert gudstenestene denne gongen ekstra nøye organisert.

- Ein må melde seg på gudstenestene i forkant

- Kvar konfirmant får ha med seg eit avgrensa følgje med gjester, som får tildelt sin eigen benk/område i kyrkjerommet

- o I Sund kyrkje er konfirmantfølgjet sett til maks 10 personar + konfirmant (6 meter lengde)

- o I Kausland er følgjet sett til maks 8 personar + konfirmant (5 meter lengde)

PS! Dersom ein treng smittevern-av- stand innad i følgjet, må ein melda på færre enn maks-talet.

Detaljert program for gudstenestene

Sund kyrkje søndag 6. september

Kl. 9.45: Oppmøte for den første kon- firmant-gjengen

Kl. 10.00: Fotografering i kyrkjerom- met

Kl. 10.15: Kyrkjerommet vert opna for gudsteneste-gjester

Kl. 11.00: Gudsteneste

Kl. 11.50: «Gå i fred og ten Herren med glede»

Kl. 12.00: Kyrkjerommet vert stengt og desinfisert

Kl. 12.15: Oppmøte for den neste gjen- gen konfirmantar

Kl. 12.30: Kyrkjerommet vert opna for nye gudsteneste-gjester

Kl. 13.00: Gudsteneste

Kl. 13.50: «Gå i fred og ten Herren med glede»

Kl. 14.00: Fotografering i kyrkjerom- met

Kl. 14.15: Slutt

Lovsongskveld

Det blir lovsongskveld

i Sund kyrkje

fredag 25. september

kl. 19.00.

Kausland kyrkje laurdag 12. sept.

Kl. 10.00: Oppmøte for den første kon- firmant-gjengen

Kl. 10.15: Kyrkjerommet vert opna for gudsteneste-gjester

Kl. 11.00: Gudsteneste

Kl. 11.50: «Gå i fred og ten Herren med glede»

Kl. 11.55: Fotografering utandørs

Kl. 12.00: Kyrkjerommet blir stengt og desinfisert

Kl. 12.15: Oppmøte for den neste gjen- gen konfirmantar

Kl. 12.20: Fotografering utandørs

Kl. 12.30: Kyrkjerommet vert opna for nye gudsteneste-gjester

Kl. 13.00: Gudsteneste

Kl. 13.50: «Gå i fred og ten Herren med glede»

Kl. 14.00: Slutt

Kausland kyrkje søndag 13. sept.

Kl. 10.00: Oppmøte for konfirmantane

SUND KYRKJE

Søndag 6. september kl. 11.00

Adrian Johannessen

Brage Ellertsen

Even Bruaas Gjertsen

Hannah Emilia Lundekvam

Ida Kvammen Rosendal

Ingrid Kobbevik Fjellanger

Ingrid Rokkan

Kristoffer Gullaksen Sekkingstad

Martine Økland Samland

Mats Marius Samland Løland

Ronja Lekven Bruvik

Simon Hufthammer Øvretveit

Theodor Thormodsen Tellnes

SUND KYRKJE

Søndag 6. september kl. 13.00

Amalie Tofterå Glesnes

Andreas Gaupholm

Emma Birgitta Nilsson

Hannah Elise Førde

Ingeborg Marie Bowers

Joachim Hammersland

Kristoffer Forland Rong

Mia Weiron Pettersen

Ole-Einar Hamre Håkonsund

Ole Henriksen Berthelsen

Sean Christopher Karlsen

Sigrid Margrete Menes Førde

Silje Ulvøen

Susanne Hagenes Skoge

Thea Førde Vigsø

Thea Lokøy

Kl. 10.15: Kyrkjerommet vert opna for gudsteneste-gjester

Kl. 11.00: Gudsteneste

Kl. 11.50: «Gå i fred og ten Herren med glede»

Kl. 12.00: Fotografering i kyrkjerommet

Kl. 12.15: Slutt

KAUSLAND KYRKJE

Laurdag 12. september kl. 11.00

Adrian Vetle Haugsdal

Benjamin Haugetun-Telle

Gabriella Heide-Nevedal

Helena Desirè Breivik Kvilhaug

Leo Kausland

Madeleine Kvam Andresen

Magnus Glesnes Stensvoll

Mathilde Kolbeinsvik

Mathilde Sætre Glesnes

Noah Rabben Olsen

Renate Haugsdal

Sara Marie Finsås

Thea Elisabeth Sande

Ådne Glesnes Mæland

KAUSLAND KYRKJE

Laurdag 12. september kl. 13.00

Helena Nordstrand

Henrik Kalgraff Aasheim

Jon Martin Fjellanger Vardøy

Maren Mjøs Singstad

Marthe Skråmestø Leknes

Martine Grostad Vilhelmsen

Mathias Emil Moldeklev Rogne

Mathilde Asphaug

Oliver Elias Straume

Patrick Kausland

Thea Asphaug

KAUSLAND KYRKJE

Søndag 13. september kl. 11.00

Celine Birkeland Nilsen

Even Hamre

Even Øvretveit Mortensen

Herman Steinsland

Idar Andre Solheim

Isak Ekerhovd Telle

Kristoffer Telle Bruvik

Lenea Hetlevik Vabø

Noah Boga Ekse

Oline Mari Solheim

Rebekka Eriksen

Robin Severin Thorgersen Solvang

Sara Horgen Toft

Sarah Olsen Grotle

Silje-Kristin T. Melkevåg

Tiril Gullaksen Wiese



1.klassingane ventar utanfor kyrkja klar til å marsjera inn.



Presten prøver å organiserea 1.klassingane i ei oppstilling framme i kyrkja.

Ranselbøn for 1.klassingane



Slik vart 1.klassingane ståande medan presten las ranselbøna til dei og til alle som skulle byrja i 1. klasse.

Ranselbøn er for alle i kyrkjelyden som skal byrja i første klasse på skulen, og som har lyst å vera med. Gjennom positive aktivitetar, ei spennande forteljing frå Bibelen og deltaking i skodespel og gudsteneste er tematikken venskap, inkludering og tilgjeving.

Ranselbøn består vanlegvis av to samlingar – éi ettermiddagssamling og éi gudsteneste saman med resten av kyrkjelyden.

Men på grunn av omsyn til smittevern mot korona, vart Ranselbøn i år redusert i omfang til familiegudsteneste med bøn for 6-åringane om ein god start på skulen og utdeling av bok.

På søndag 16. august var det Ranselbøn-gudsteneste i Kausland kyrkje, og deltakarane kom inn i prosesjon, iført skulesekkane sine. Framme i kor-trappa viste dei fram dei fine ranslane sine mens dei prøvde å halde 1 meters av-

stand (ei ganske vanskeleg oppgåve for ein 6-åring!).

Etter eit par songar var det tid for å bli bedt for, og 6-åringane kom fram igjen og stilte seg saman med Kjell-Asle. Han bad denne bøna for dei:

Kjære Gud!

Takk for at vi her i Norge får gå på skule og læra å lesa, skriva og rekna.

I dag ber vi spesielt for alle 1.klassingane!

Kjære Jesus, ta vare på dei og gå saman med dei på skulevegen.

Vær nær i klasserommet og ute i friminutta, og lat skulen vera ein trygg og god og spennande stad å vera for både barn og vaksne.

*Hjelp alle til å vera gode vener, og takk for at du vil vera vår ven!
Amen!*

Etter bøna fekk dei utdelt ei flott bok om ein mann i Bibelen som heitte Sakkeus.

Han fekk vi høyre meir om i preika og dei som hadde fått bok, kunne følgja med i den.

Sakkeus levde på Jesus si tid. Men sjølv om Sakkeus var vaksen, var han liten av vekst og hadde difor det same problemet som borna ofte har: Det var så mange store som stengde utsikta for han. Han ville sjå Jesus. Men han var smart og klatra opp i eit tre så han kunne sjå betre. Sakkeus hadde også eit anna problem; han var dårleg likt av dei andre, for han stal pengar. Overraskinga var difor stor då Jesus stansa opp ved Sakkeus og sa at han ville koma på besøk til han. Dei andre likte ikkje at Jesus gjorde det. Men møtet med Jesus forandra Sakkeus, og han ynskja å gjere opp for seg og hjelpe menneska rundt seg.

Dag Reidmar Pettersen

Kyrkjelydspedagog

FOTO: OLAI OTTERA



Ein av kunstgjenstandane på The Twist på Kistefoss.



På tur over ei hengebru.

17. - 21. august:

Diakonitur til Modum

Toget frå Bergen tøffar inn på Vikersund stasjon i nydeleg solskinn og 29 grader. Ellen Ebbesvik, som arrangerer turen for oss, tek imot oss saman med Rune Stray, instituttprest på Sjelesorgsenteret. Snart sit vi i taxiar og bilar og køyrer forbi kornåkrar og sletteland før vi kjem fram til den svært så høge granskogen med turstiar som snirklar seg innover og er klar for å ta imot turfolk i alle aldrar. Vi er framme til institutt for sjelesorg, Modum bad.

Vi er 19 stykke frå Øygarden kommune som er saman på tur. Alt ligg til rette for fellesskap, gode samtalar, nye kjennskap og påfyll for heile mennesket. Tema som er oppe er blant anna:

Korleis vi kan vise omsorg for kvarandre i kvardagen, vise vennlegheit og vera barmhjertige; gi kle til den som treng det, besøkje den sjuke, sjå om den som er i fengsel, ta imot den framande, - at kjærleiken syner seg i handling. På same tid har Gud skapt oss med grenser, som er ein positiv ting. Kvile og tilbaketrukkenhet er også ein del av Bibelens gode syn på å leve.

Vidare vart mellomrommet vi lever i

tatt opp. Vi har hatt eit før og håpar på eit etter Covid 19. Korleis er det å vera i dette mellomrommet?! Einsemda med å sitje aleine og vente. Dei faste møteplassane er borte, saknet av det sosiale, nærleik og berøring. Kven er Gud oppi alt dette? Korleis er mitt gudsbilete? Kva seier følelsane våre/erfaringane våre, kva openbaring gjev Bibelen om kven Gud er? Eit vers frå Jes 57,15 vart trekt fram: «I det høge og heilage bur eg, og hos den som er knust og nedbøygd i ånda». Vi fekk mykje nytt å tenkje på og mat for gode samtalar.

Den sosiale samlinga på kveldane var samansveisande med deling av vitnesbyrd, konkurransar, songar og mykje prat og latter. Vi fekk også ein uforgløymeleg tur til The Twist på Kistefoss som gav oss mange inntrykk gjennom kunsten som var utstilt både ute og inne.

Takk for nydelege dagar saman.

Til neste år vert det ny tur, same tid og same stad. Kanskje du vil bli med? Du er hjarteleg velkommen.

Hildegunn Børnes Myklebust



Dei 19 deltakarane frå Øygarden som var med på turen til Institutt for sjelesorg på Modum Bad. (Foto: Rune Stray)

Konfirmasjonsfeiring og smittevernreglar



Smittevernlege i Øygarden, Jens Eikås.

- Det er fullt mogleg å gjennomføra ei minneverdig konfirmasjonsfeiring sjølv om smittevernreglane får konsekvensar for arrangementa. Det seier smittevernlege i Øygarden, Jens Eikås.

Smittevernlegen har fått mange spørsmål knytt til gjennomføring av konfirmasjonar. Dette gjeld både sjølv konfirmasjonsgudstenesta og private familieselskap.

- Det kan arrangerast private selskap i grupper på maksimalt 20 personar. Her er regelen at ein skal halda avstand på minst ein meter til kvarandre, med unntak av dei du bur med til vanleg, seier Eikås.

Dersom det er ønskeleg med fleire deltakarar enn 20 personar, er det mogleg å gjennomføra eit arrangement på offentleg stad. Her er grensa 200 gjester.

- Dette kan gjennomførast i lokale som

vert leigt eller lånt ut. Døme på dette kan vera hotell, selskapslokale, grendehus, forsamlingshus og hallar. Alle slike arrangement skal ha ein ansvarleg arrangør som mellom anna skal sikra at alle følgjer regelen om avstand på ein meter og har oversikt over alle som er til stades. Oversikta er viktig dersom det skal gjennomførast smittesporing, seier Jens Eikås.

Slike arrangement skal ha ein arrangør (profesjonell aktør eller privatperson).

- Også her er det viktig å følgja alle dei andre smittevernreglane om avstand (minst ein meter), god handhygiene, godt reinhald, minst mogleg felles bruk og berøring av inventar og utstyr. Det er også viktig å sjå til at det ikkje er sjuke personar til stades på arrangementet, seier Jens Eikås.

Vigleik Brekke

Helsing frå soknerådsleiaren

Far søkes

Alle menneske har ein far. Eller har mista ein far.

Men har vi ein til? Og er det mulig å kjenne ein far ein aldri har visst om?

Ein himmelsk far i livet

Jesus snakka ustøppeleg om far sin. Og på alle mulige måtar ønska han å demonstrere korleis det var å ha ein slik himmelsk far i livet. - Kom, så skal eg vise deg far min, sa han til alle som ville høyre. - Og forresten, han vil gjerne vere din far og! Du kan sjølv lese alt om det i Bibelen, heilt i byrjinga av Det nye testamentet.

Men finst det verkeleg ein slik far her og no - i 2020 - som bryr seg om å bli kjent med akkurat meg? Ein som verkeleg bryr seg om meg, og som både har vilje og evne og tid til å hjelpe meg, uansett korleis eg er, eller korleis eg har det? Er det verkeleg mogeleg å få ein slik far? Ein skikkeleg trufast far, ein som er hundre prosent til å stole på?

Pappaklubb

Det finst ein klubb som dreier seg om det! Og den finst nær deg! Og den er open for absolutt alle! Det er på ein måte ein pappa-klubb. Og når alle deler samme far, så blir ein på ein måte sysken. Det blir litt som ein familie i tillegg til den familien ein har frå før. Klubben har mange namn: Kyrkjelyd, eller forsamling, eller heilt enkelt «saman» som dei første kristne kalte seg. Når dei var saman, så sa dei: Vår far, du som er i himmelen! Hjelp oss å kjenne deg betre! Hjelp oss å forstå korleis du er, Hjelp oss å vere gode mot kvarandre, slik du er god mot oss. Slik vart dei betre og betre kjent med den nye pappaen sin og med kvarandre.

Visitas

Denne hausten skal kyrkjelyden i Sund få besøk av biskop Halvor Nordhaug.

Biskop betyr tilsynsmann. Eg håpar han vil komme til oss med bodskapen om at vi har ein far. Ein far for alle. Ein uendeleg nådefull og barmhjertig far, som berre lengtar etter ein ting: Å få samle alle menneske rundt seg, som ei høne samlar kyllingane under vengjene sine. Ein far som vender sitt ansikt til oss og gir oss sin fred.

Svein Marius Myklebust

ALLE har fått noko!

I Bibelen (Matt 25) les vi om talentar. Gud har utrusta oss med dei og betrudd oss å forvalte dei. Korleis gjer vi det? Vi treng i alle fall ikkje spade, for våre talentar skal ikkje gøymast unna eller gravast ned! Istaden skal dei omsetjast og aller helst doblast gjen-
nom teneste for Gud og vår neste.

Andakten

I likninga om talentane høyrer vi at **ein** fekk 5 talentar, ein annan 2 og den tredje fekk 1. Dermed aukar forvaltaransvaret i takt med det vi er betrudd! Jo meir vi har fått – jo meir har vi å stå til ansvar for! Det er den første alvorstenen i likninga om talentane.

Den andre er dette: *Alle* har fått noko å forvalta! Dermed er det like viktig å forvalta den eine talenten – som dei 5. Husherren som har gitt oss talentane ynskjer avkastning også på den eine! Men det betyr ikkje at Jesus har kalla oss til nokon slags «talentiade». **I staden seier han: EG har fått all makt i himmel og på jord, gå DIFOR ut og gjer alle**

folkeslag til læresveinar gjennom å døypa og læra... Dermed har vi all grunn til å kasta janteloven på båten, og henta fram kreativiteten og dristigheten. For med Jesus i ryggen SKAL vi faktisk tru at vi er noko: Herrens utsendingar og ambassadørar. Og den som høyrer ambassadøren – høyrer Herren så sant ambassadøren seier det Herren har bedt henne/han om å seia...

Lat oss tenkja over dette som dåpsforeldre, fadrar, besteforeldre, oldeforeldre, kollegaer, sambygdingar, sokneråd, stab, osv... Alle har vi fått noko å forvalta – til beste for andre og til ære for Gud! Dermed er det ingen av oss som har fått tildelt rolla som reserve. Ingen har fått i oppgåve å sitja på tribunen. Ingen er med berre på liksom. Vår nådige Herre vil ha oss *alle* med på laget! Tenk om du og eg kunne ha *dobla* talent-gåva vår! Det skjer i alle fall ikkje dersom vi grev ned talentane våre og later som om evangeliet om Jesus ikkje

finns. Evangeliet skal ikkje foreldast, men forvaltast og omsetjast! Og det toler faktisk både vind og vær. M.a.o: Det er ingen grunn til å halda det skjult i påvente av rolegare tider...

Kjell-Asle Børnes

Onsdagstreffa

Onsdagstreffa startar så smått opp att (dersom koronasituasjonen tillet det)

onsdag 2. september

kl. 11.00 på Aktivitetssenteret i Skogsskiftet.

Korøving

i Sund kyrkje

STJERNEKORET

(frå 4 år til 3. kl.)

øver kl 17.30 - 18.30

BETWEENSKORET

(frå 4. kl. og oppover)

øver kl 18.30 - 19.30

8. og 22. september

13. og 27. oktober

10. og 24. november

8. desember

Nye og gamle medlemmer er velkomne!

Usikker oppstartdato grunna Covid-19.

Du kan ringja **Kirkens SOS** heile døgeret, tlf. 22 40 00 40
Kirkens SOS teksttelefon for døve, tlf. 55 32 56 97

GRAVMINNER



**Løvaas
Naturstein**



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen

Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.

www.lovaasnaturstein.no

Sotra Omegn

BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjenet 4, 5353 Straume
(samme hus som Ligningskontoret)

Bergen Omegn
BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden

Espen Polden

Heine Polden

Cathrine Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700

www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN

Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA

2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



Om du har lyst til å få ordnet på neglene på både hender og føtter, få fikset på vippene og håret, kan dere besøke den nylig åpnede salongen!



Reda Zideliuniene

Tlf: 46392022

Negledesigner
Lensmannsvegen 17B,
5378 Klokkarvik

Epost: redapukelis@gmail.com
Facebook: Redas neglestudio

Vil du bli med på klubb?
Between sklubb

I haust blir det Between sklubb på desse datoane:

15. september,
20. oktober, 17. november
Juleavslutning i desember

Klokka 17.30 - 19.30

i kyrkjekjellaren i Sund kyrkje.
Frå 4. klasse og oppover.

**Leikar, aktivitetar,
Bibelen, kveldsmat.**

Velkomen, og ta gjerne med ein venn!
Usikker oppstartdato grunna Covid-19.

DITT LOKALE SENTER

- Det du treng - der du bur!



SUND SOLSTUDIO



Tlf. 56 33 74 44



Tlf. 56 33 92 78



Tlf. 56 33 74 93



Tlf. 53 50 28 50 / 485 16 080



Tlf. 56 33 90 13



SUND APOTEK
Tlf. 56 33 88 80



Tlf. 56 33 70 70

BRANSJE: INTERIØR OG TEKSTIL - BLOMSTER - DAGLEGVARER
JERN- OG FARGEHANDEL - FRISØR - APOTEK
KAFETERIA - MINIBANK - POST I BUTIKK - SOLSTUDIO

Givarteneste

Sund kyrkjelyd

Barne- og ungdomsarbeidet

Kontonr.: 3628.50.65156

Kyrkjelydsarbeidet

Kontonr.: 3470.44.67003



Vil du vere med?

Har du lyst å vere med som frivillig i Sund kyrkjelyd?

Har du eit ønske om å ta del i teamarbeidet rundt ei gudsteneste?

Når vi feirar gudsteneste i kyrkjelyden, er det ulike frivillige oppgåver du kan få vere med på:

klokkaroppgåver,
kyrkjevertoppgåver eller
kaffivertoppgåver.

Vi vil gjerne ha deg med!

Ta kontakt med diakonen vår, Hildegunn, så fortel ho deg meir om kva dei ulike oppgåvene går ut på.

Ho kan nåast på mobil
477 07 698 eller på e-post:
hm849@kyrkja.no



Etablerer innbyggjartorg i kjøpesentera

Øygarden kommune samlokaliserer innbyggjarservice med biblioteka og etablerer nye kommunale innbyggjartorg i kjøpesentera på Straume, Skogsskiftet og Rong.

Opningstider frå 31. august:

Skogsskiftet/Rong:

Måndag	09.00-16.00
Tysdag	09.00-16.00
Onsdag	09.00-16.00
Torsdag	09.00-19.00
Fredag	09.00-16.00
Laurdag	Stengt

Straume:

Måndag	09.00-16.00
Tysdag	09.00-16.00
Onsdag	09.00-16.00
Torsdag	09.00-19.00
Fredag	09.00-16.00
Laurdag	10.00-15.00

Sentralbord til kommunen, tlf. 56 16 00 00, er ope måndag – fredag frå 08.00-15.30.

WWW.OYGARDEN.KOMMUNE.NO

Myldredagar

- for heile familien
- besteforeldre også

Klokka 17.00-19.00

Kyrkjekjellaren i Sund kyrkje

- 1. september
- 29. september
- 3. november: Bispevisitas (Myldredag for Sund og Kausland)
- 1. desember

Kyrkjelydshuset på Kausland

- 16. september
- 21. oktober
- 3. november: Bispevisitas (Felles myldredag i Sund for Sund og Kausland)
- 9. desember

Middag - bibelfortelling - aktivitetar - fellesskap

Ta med familien og kom, eller kom åleine.

Grunna Covid-19 blir det ingen oppstart i september.



Via **INTERFLORA** formidlar vi blomstrar i innland og utland.

Vi er fagutdanna og utfører alt i binderi til fødsel, dåp, konfirmasjon, bryllaup, gebursdagar og gravferder - og elles det du måtte ønskja.

Plantar òg på gravstader i Fjell og Sund.

Opningstider:

Måndag-onsdag: 9.00-18.00

Torsdag-fredag: 9.00-20.00

Laurdag: 9.00-16.00

Tlf.: 56 33 90 13

Faks: 56 33 93 01

TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no



SOS
22 40 00 40



SOS
CHAT



SOS
MELDING

KIRKENS
SOS

GRAVMONUMENTER

Egil Fosse

Kvile 17A

5379 Steinsland

Tlf.: 56332166 Mob.: 90669191

NAVNETILFØYELSER - OPPUSSING - REPR. FOR



KJØL STENINDUSTRI AS

6490 EIDE

Døypte

Kausland kyrkje 21. juni

Sigurd Lund Sangolt

Sund kyrkje 28. juni

Kasper Solsvik Guddal

Kausland kyrkje 5. juli

Vilja Telle

Amalie Steinsland

Frida Øvretveit Olsen

Sund kyrkje 2. august

Melvin Tobias Rangnes Sarsby

Kausland kyrkje 9. august

Lykke Telle

Kausland kyrkje 16. august

Eivind Brage Toft Tisløv

Gravlagde

Kausland kyrkje 9. juni

Harry Bakke, f. 1948 (bisetjing)

Kausland kyrkje 25. juni

Erling Martin Kjelling Wiik, f. 1929
(bisetjing)

Kausland kyrkje 2. juli

Torvald Herman Andreassen, f. 1931

Kausland kyrkje 9. juli

Magne Hole, f. 1944

Kausland kyrkje 16. juli

Ragna Evelyn Trellevik, f. 1935

Kausland kyrkje 23. juli

Haldor Telle, f. 1934

Kausland kyrkje 30. juli

Audun Wilhelm Glesnes, f. 1939
(bisetjing)

Vigde

Sund kyrkje 20. juni

Camilla Vetaas og Ruben Neteland

Sund kyrkje 27. juni

Ingjerd Skogseid og Terje Limevåg

Sund kyrkje 11. juli

Katrine Åsgård Skoge og

Stian Bergersen

Føremiddagstreffa

Sidan det i skrivande stund er litt usikkert korleis det blir med Føremiddagstreffa denne hausten grunna Covid-19, har vi ikkje med noko program denne gongen. Følg med i «På plakaten» i Vestnytt for å sjå kva det blir til.

PRESTETENESTA I SUND SOKN

Kontakt med prest måndag – fredag kl 09.00 – 15.00: **922 18 817**

Ein kan også kontakte kyrkjekontoret: **55 09 74 40**

Samtale og sjelesorg

Sokneprest Kjell-Asle Børnes er glad for å bli kontakta for samtale. Det kan opplevast som ein høg terskel å ta kontakt, men det er berre å ta mot til seg og slå eit telefonnummer for å avtale tid og treffestad! Han har teieplikt om det som vert delt. Samtale/sjelesorg kan òg føre til skriftemål.

Det er òg ei prioritert oppgåve å gå med nattverd til dei som ikkje lenger kjem seg til kyrkje. Ver frimodig og ta kontakt!

Ynskje om dåp

Frå 1. oktober 2018 vil ikkje kyrkjekontoret lenger få tilsendt fødselsmeldingar frå Folkeregisteret når medlemmer i kyrkja har fått barn. Foreldre må difor sjølve ta kontakt og be om aktuelle datoar der det er gudstenester med høve for dåp. Ver ute i god tid! Alle som ber om dåp for barnet sitt, vert inviterte til ei felles dåpssamtale i Sund kyrkje eller Kausland kyrkje, alt etter kva for ei kyrkje ein «soknar til».

Også unge eller vaksne kan be om dåp. Då vert det individuelle samtalar med opplæring. For unge som ikkje er døypte, vert konfirmasjonsførebuinga som eit opplæringsprogram som òg vert førebuing til dåpsdagen.



DEN NORSKE KYRKJA

Sund sokn

Telefon sentralbord: 55 09 74 40

Post- og besøksadresse:

Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume

Det er mogleg å gjere avtale om besøk på kyrkje-kontoret i Sund.

Ekspedisjonstid:

Måndag - fredag kl. 10.00 - 14.00

E-post: post.oygarden@kyrkja.no

Nettside: www.kyrkja.no/oygarden

Her finn ein kontaktinformasjon til kyrkjestaben.

Soknepresten

Kjell-Asle Børnes..... 48 00 26 97
sokneprest 41 41 66 67
E-post: kb427@kyrkja.no

Soknerådet

Svein Marius Myklebust 95 88 61 56
soknerådsleiar
E-post: svein.myklebust@danielsen-skoler.no

Solstrands
Begravelsesbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra

Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

www.solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

VIRKE GRAVFERD

**Sund
Sokneblad**

Utgjevar: Sund Sokneråd

Adresse: Tytebærbrekko 2,
5353 Straume

Konto: 3628.07.11645

Kontingent: 250 kr pr. år

Redigering: Olai Otterå

Redaksjon:

Olai Otterå 928 93 057

E-post:

sund.sokneblad@bkkfiber.no

Trykk:

Bodoni AS, Straume



Opplag: 2.950

Vonar barn vil møtast til søndagsskule



Søndagsskolen Noreg har utarbeidd ein eigen smittevernrettleiar for søndagsskulesamlingar og tilrår å prøva søndagsskule ute.

Når skuleåret no er i gang igjen håper Søndagsskolen Noreg at barnegrupper og søndagsskular òg kan samlast igjen fysisk.

– Tru vert skapt i relasjonar. Å gå for lenge med søndagsskule berre på skjerm er ikkje sunt for trusutviklinga. Derfor er det viktig for oss å skapa trygge søndagsskular der ungane kan møtast, seier generalsekretær i Søndagsskolen Noreg, Gøran Byberg, til Kristelig Pressekontor.

I vår kasta Søndagsskolen seg rundt og produserte videoar kvar veke som kunne brukast i heimane når koronasituasjonen ikkje tillét gruppene å møtast til vanlege søndagsskular. No ønsker organisasjonen at barn igjen skal få møtast fysisk for å høyra om Jesus.

– Koronatida kjem til å vara i alle fall i halvanna år til. Vi må kunna finna ein måte å leva i dette på over lengre tid, samtidig som ein er nøye med smittevern. Akkurat som skulen er viktig for ungane tenker vi at det er viktig å starta opp med søndagsskular igjen, seier Byberg.

Han legg til at det sjølvsagt vil variera

kvar det er mogleg å arrangera samlingar i ulike delar i landet med tanke på lokale smitteutbrot.

– Skal vera trygt

Søndagsskolen Noreg har utarbeidd ein eigen smittevernrettleiar basert på tilrådingane til styresmaktene og rettleiarane til KA og Kyrkjerådet. Her blir det lista mellom anna opp fem hovudprinsipp for gjennomføring av ein trygg søndagsskule:

- Sjuke personar skal ikkje delta på fysiske samlingar
- Gode rutinar for hygiene og reinhald
- Minst mogleg felles bruk og berøring av utstyr og inventar
- God avstand
- Nok vaksne til stades

– Ein bit det ikkje må hoppast bukk over er nok vaksne til stades. Her er søndagsskuleleiarar nøydde å engasjera foreldra der dei ikkje er mange nok frå før, seier Byberg.

I tillegg til ein konkret smittevernrettleiar tilbyr Søndagsskolen eit gratis digitalt leiarkurs.

– Vi prøver å laga eit system på samlingane som kan trygga både foreldre og søndagsskuleleiarar at dette skal vera trygt for ungane, seier Byberg. (KPK)

Rekordhøg søking til kyrkjestudiar

Studiar som kan føra til jobb i kyrkja har ein auke på nesten 30 prosent i år samanlikna med i fjor, men kyrkja treng endå fleire då mange går av med pensjon dei neste ti åra.

Denne våren har mange kommande studentar søkt seg til studiar innanfor teologi, kyrkjemusikk, diakoni og kyrkjeleg undervisning. Det melder Den norske kyrkja i ei pressemelding.

Alle kyrkjefagstudium har ein oppgang i talet på søkarar, og tala viser at det særleg innanfor diakonien er ein kraftig oppgang, frå 39 til 68 søkarar. Tre fleire studentar har søkt seg til høvesvis teologistudiet og kateketstudiet, medan fire fleire enn i fjor har valt kyrkjemusikk.

Til saman har 182 personar søkt seg til utdanning i 2020 som kan føra til jobb i kyrkja. Den norske kyrkja tolkar oppgangen på nesten 30 prosent, frå 143 søkarar i fjor, som at stadig fleire kan tenka seg Den norske kyrkja som framtidig arbeidsplass.

– Dette er gledelege tal som seier noko om at fleire ønsker å jobba i kyrkja. Tala er eit resultat av målretta arbeid med kyrkjeleg rekruttering, der både studiestader, fagforeiningar, arbeidsgivarar og Kyrkjerådet satsar for å rekruttera breitt til jobb i kyrkja, seier Kristin Gunleiksrud Raaum, vald leiar i Kyrkjerådet, i pressemeldinga.

Årets rekordtal er ifølgje Dnk ei fortsetjing av ei positiv utvikling som starta i 2018. Dei ser likevel behov for at endå fleire vel kyrkjefagstudium, då gjennomsnittsalderen på særleg prestar er høg. I løpet av ti år vil omtrent kvar tredje prest gå av med pensjon. (KPK)

Neste utgåve av **Sund Sokneblad** kjem omlag 28. oktober

Stoff til bladet må vera i redaksjonen seinast 14. oktober